



## Eit tre av slektningar

---

La barna utforske slekta si gjennom eit slektstre og rekne på talet av tremenningar og oldeforeldre.

### Slik gjer dykk

- Skriv ut eit slektstre, med eller utan farge, til kvar elev
- Du kan velje mellom to typar slektstre
- Eit lokalt arkiv eller bibliotek med bygdebøker og kyrkjebøker
- Hjelp frå foreldre og besteforeldre

### Dette treng dykk

- Kvar elev får eit slektstre.
- Skal de ha med fødslesår og dødsår?
- La elevane skrive ned det dei veit sjølve.
- Dra til eit lokalt arkiv og sjå kor mykje av slektstrea de klarar å fylle ut - før de ber om hjelp frå foreldre eller besteforeldre.
- La elevane ha i lekse å fylle ut resten heime.

- Hjelp elevar som ikkje har fått på plass alle ledd, med å søke i digitale kjelder
- Vil du avansere noko, kan du be elevane knytte ein gjenstand til kvar slektning og skrive ned historia kring denne.
- MATTEOPPGÅVER: Etter at alle trea er fylt ut, kan de løyse desse morosame rekneoppgåvene:

- Kva manne-namn og kva kvinne-namn går att flest gonger? Ha felles oppteljing på tavla.

- Kor mange oldeforeldre har kvar elev?

- Kor mange oldemødrer har klassa til saman?

- Kor mange tremenningar hadde kvar elev hatt dersom oldeforeldra fekk to barn kvar, som igjen fekk to barn, som igjen fekk to barn kvar?

- Kor mange tremenningar hadde kvar elev hatt dersom alle oldeforeldra fekk fem barn kvar som igjen fekk tre barn som igjen fekk to barn?